

# ***TELEMARK NEI TIL EU***

## **Forslag til Arbeidsplan for 2024**

**Vi skal i 2024 halde fram arbeidet med å styrke folkeopinionen mot norsk medlemskap i EU, ved å ta del i den offentlege debatten og halde oppe og vidareutvikle organisasjonen.**

Vi vil utfordre dei politiske partia med handlingsrommet innafor EØS-avtalen i høve til regjeringa og stortinget sitt arbeid med EU sin energipakke IV og straumpris krisa. Her vil vi søke samarbeid med Nei-alliansepartia SP, SV og Rødt. Vi vil også gjennomføre sonderingsmøte med Industri og Næringspartiet (INP).

Gjennom fråsegner, allianse arbeid, lesarinnlegg og redaksjonelle oppslag i media vil vi arbeide med å vise korleis EØS-avtala grip inn i og overstyrer folkestyret i Noreg.

På dei marknadane og messene i fylket, som er opne og tilgjengeleg, vil vi delta for å gjere arbeidet og prioriteringane til Nei til EU synlege og verve nye medlemmer. Styret lager ein oversikt over aktuelle plasser vi skal delta.

Vi lager eit års hjul for å strukturere drifta til fylkeslaget gjennom året.

Vi vil legge til rette for at styret og medlemmer kan delta på Landsmøtet, rådsmøte, leiarmøte og andre aktuelle møte og konferansar i den grad dette er mulig. Fylkeslaget dekker alle reise- og opphaldsutgifter til Landsmøtet, rådsmøte og leiarmøte. Fylkeslaget kan gje støtte til reise og opphald for deltakarar på andre aktuelle møte og konferansar etter søknad til AU.

Vi vil arbeide aktivt med verving av nye medlemmer og i gjenn verving. Dette skal vera ei sentral oppgåve for fylkeslaget.

Vi vil delta i nasjonal kampanjer og arrangere lokale aktiviteter for å markere Nei til EU.

Vi vil hjelpe Ungdom mot EU sentralt i å reorganisere Grenland Ungdom mot EU

Vi vil arbeidet med å sikre kommunekontaktar i alle kommunane, og der det er mogleg, skal fylkeslaget bidra for å organisere lokallag.

Vi vil bidra til at lokallag og lokalkontakter kan klare å få til eit lokal arrangement i 2024. Vi skal arbeide for å få fleire kvinnelege kommune kontakter.

Vi skal arbeide for å kunne gjennomføre mins eit ope møte om EU/EØS sin påverknad av Noregs klima og miljøpolitikk.

***Årsmøtet Telemark Nei til EU – 18.03.24***